



## INTERNT NOTAT

Dato: 04.12.2013

### **ORIENTERING TIL STYRINGSGRUPPA 4. DESEMBER 2013 - KNARVIK SENTRUM OMRÅDEPLAN**

I møte den 12. november konkluderte styringsgruppa med følgjande:

Styringsgruppa ber administrasjonen gå i lag med Statens vegvesen og Helge Hopen as for å finna ut om dette er eit førbart alternativ. Neste møte vert om 14 dagar. Vi ber og administrasjonen sjå på alternativ ute til 1. gongs offentlig ettersyn som alternativ dersom det andre alternativet ikkje går. Styringsgruppa ber administrasjonen om å ikkje arbeide meir med parkeringsløyising og kvalitetsprogrammet før møtet om 14. dagar.

Den 13. november vart det halde møte med Statens vegvesen og det vidare arbeidet vart definert. Ei tinging vart sendt Helge Hopen as den 14. november. Helge Hopen har levert ein førebels rapport som også er sendt Statens vegvesen.

Den 3. desember vart det halde eit møte med Helge Hopen for å gå gjennom konklusjonane i rapporten. Statens vegvesen kunne ikkje delta i dette møtet, og vi har teke kontakt med dei igjen for om mogleg halde eit nytt møte. Vi har difor ikkje nokon konklusjon å leggje fram frå dette samla vurderingsarbeidet.

Ei samla vurdering og konklusjon frå rapporten er følgjande:

«

Det er utført ein vurdering av trafikkavvikling/kapasitet og trafikktryggleik knytt til løysing for etablering av nytt parkeringsanlegg i Knarvik basert på direkte tilkomst frå E39.

Det er identifisert eitt felles problem med løysinga knytt til både kapasitet og trafikktryggleik. Dette gjeld tilkomst til parkeringsanlegget frå E39, aust.

Det er rekna med at ca. 20% av trafikken til parkeringsanlegget kjem frå E39, aust. Denne trafikken må køyre via U-sving i rundkøyring ved Bruvegen både til og frå parkeringsanlegget.



Figur 4. Illustrasjon av køyremønster for trafikk frå parkeringsanlegget mot E39, aust.

Med denne løysinga vert det følgjande problemsituasjon:

- Vesentleg redusert kapasitet i rundkøyringa E39/Bruvegen i forhold til ei parkeringsløyising basert på tilkomst via sidearm i rundkøyringane (opphavleg planframlegg). Dette forholdet er primært årsaka av trafikk i begge retningar mellom P-anlegget og E39, aust som må gå via U-sving i rundkøyringa.
- Sannsynleg vesentleg auke i risiko for uhell knytt til køyremønster ut frå parkeringsanlegget (stor trafikk, mye feltveksling, ujamn køyrefart).

Det er òg peika på konsekvensar av løysinga som kan vere utfordrande når det gjeld funksjonalitet og estetikk, men her vil det vere mogleg med tilpassingar i samband med vidare detaljplanlegging.

Dersom det kan finnast løysingar der trafikk til og frå parkeringsanlegget mot E39, aust kan ha tilkomst direkte frå lokalvegnettet i aust og dermed gå inn/ut via den ovale rundkøyringa i aust, vil ein ikkje lenger ha problem med trafikktryggleik som skildra her og kapasiteten i systemet vil bli om lag som ved parkeringsløyisinga i opphavleg områdeplan.

»

Utgangspunktet for vurderinga er parkeringstala som planframlegg til områdeplanen av 2012 la til grunn, om lag 3000 parkeringsplassar i sentrumskjernen (P1-P4). I seinare informasjon har Helge Hopen sagt at «Basert på testing av alternative parkeringsvolum i system P2 og sensitivitetsanalyser ved disse vil eg anslå en terskelverdi på 2200 i forhold til å ha tilstrekkelig kapasitet i rundkøyringa E39/Bruvegen for å håndtere trafikken i et 15-20 års perspektiv.» Vurderinga legg nokre føresetnader til grunn.

I arbeidet framover skal vi ha møte med Statens vegvesen, vi ventar på attendemelding frå dei på kva tidspunkt som passar, 10. desember er ein aktuell dato. Deretter skal vi ha møte i arbeidsgruppa. Dette greier vi kanskje ikkje å få til før jul, men vi vil kalla inn til møte i veke 1 eller 2. Med føresetnad om at vi har fått dei naudsynte avklaringane, vert så kvalitetsprogrammet ferdigstilt (tekstdel og kart), planomtale og føresegnar vert ferdigstilt, og plankartet vert teikna ut. Første realistiske PMU møte å nå for formell politisk handsaming er i mars. Om styringsgruppa ynskjer fleire styringsgruppe møter i prosessen bør dette avtalast no slik at det kan leggjast inn i planane for det avsluttande arbeidet.